

**Gol kyrkjeleg fellesråd i møte 10.09.2010:**

**VEDTAK (samrøystes):**

Gol kyrkjelege fellesråd vil koma med følgjande høyringsuttale i samband med endring av gravferdslova og kyrkjelova:

1. Det er viktig å ha god kommunikasjon mellom gravferdsforvaltninga og dei ulike trussamfunna, men behovet kan vera veldig ulikt frå plass til plass. Det kan derfor vera greitt å gjera endringane i § 23 noko smidigare ved å anbefale møte kvart år eller så ofte som partane vert einige om.  
*”.....innbyr til møte ein gong i året eller så ofte som dei impliserte partane blir samde om”.*
2. Det bør vera krav om politiattest for alle som skal arbeide i barne- og ungdomsarbeidet. Endringa som er foreslått i kyrkjelova § 29 er derfor for vag og bør innehalde eit skal.  
*”Det skal utstedast barneomsorgsattest.....*
3. Det er viktig at meirutgiftene som kyrkjeleg fellesråd får i samband med endringane i gravferdslova vert kompensert med statleg auke i tilskotet til kommunane som på nytt må overføre dette til fellesråda. Det er kommentert i høyringsnotatet at det er dei små kommunane som i størst mogleg grad må kjøpe gravplassar utanfor kommunen og at det på grunn av storleik ikkje vil bli store summar. Det er imidlertid viktig å ta omsyn til det at budsjetta i små kommunar heller ikkje er store i sum og at prosentvis kan det dreie seg om ganske mange prosent av befolkninga og gravferdene etter kvart som innvandrarane ute på bygdene blir eldre.